



Thorbjørn Rørvik  
Einevegen 8  
6854 KAUPANGER

Dato: 02.07.2019  
Vår ref.: 2017/17630-5  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## Svar på bekymringsmelding Fv 569 Dalseid – Eidslandet i Vaksdal kommune

Hordaland fylkeskommune (HFK) ved samferdselsavdelinga har fått oversendt rapporten frå Statens vegvesen. Vi takkar for rapporten, og ser at dokumentet er godt gjennomarbeidd.

Det har vore fleire møte og bekymringsmeldingar om denne vegstrekninga opp gjennom åra, og Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen er kjent med at tilstanden for Fv 569 er langt frå slik ein skulle ønske. Det er likevel eit faktum at det er eit stort vedlikeholdsetterleap på store delar av fylkesvegnettet. For Hordaland sine nærmare 3000 km fylkesveg vart dette etterslepet rekna til 6,5 milliardar kr i 2013, og det er sannsynlegvis langt høgare no. Det er vanskeleg å sjå korleis dette skal kunne reduserast med dei økonomiske rammene som er til rådvelde for fylkesvegane.

Hordaland fylkeskommune har prioritert vegnettet sitt gjennom Regional transportplan med tilhøyrande investeringsprogram. Dette er forankra politisk. Ut over postane til programområde er det per no ikkje rom for større oppgraderingar av strekningar som ikkje er prioritert her.

I desse dagar førebur Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar seg til å bli Vestland fylkeskommune. Det skal etter kvart utformast ein ny regional transportplan, og i prosessen vil Fv 569 bli vurdert saman med dei andre fylkesvegane i det nye fylket.

### Vernestatus

Du skriv at «*Det mest påfallande har vore mangelen på kunnskap om vernestatusen som gjeld fv 569. Både hjå Riksantikvaren og hjå miljøavdelinga i Vegdirektoratet var dei ganske opne om at det manglar kunnskap om kva som er verna, og kvifor*». Vidare skriv du: «*I starten av dette skrivet hevdar eg at vernestatusen blir brukt for å unngå utbetringar av vegen når det passar styresmaktene. Viss det er rett så ber eg om at vernestatusen vert endra i kjølvatnet av synfaringar/registreringa i sommar*».

I telefonsamtale den 03.07.19 opplyser du at miljøavdelinga i Vegdirektoratet vil gjennomføra ei synfaring etter sommarferien i år. Hordaland fylkeskommune set stor pris på initiativet som de har teke om å få ei oppklaring på dette området.

Om vernestatus kan vi vise vi til fylkesutvalet sitt vedtak den 22.04.2009 i sak 91/09 «Forslag til forvaltningsplan for Rv 569 Dalseid – Eidslandet, Vaksdal kommune – høyring»:

### VEDTAK

1. Fylkesutvalet viser til sitt primære syn om å ikkje gå inn for freding.
2. Fylkesutvalet forventar at ein ved ei eventuell freding legg vekt på omsynet til framtidig bruk av vegen.

I 2009 var vegen ein riksveg, og kanskje har HFK som vegeigar eit større handlingsrom i dag. Hordaland fylkeskommune håpar at vi no, ut frå dykkar initiativ, kan få avklart kva konsekvensar denne vernestatusen har for utbetringar på vegen, og kva handlingsrom ein har. Vi forstår godt at ein meir trafikksikker veg er det viktigaste for brukarane av vegen.

### **Utbetringar i 2019**

Vi kan også nemna at følgjande tiltak er prioritert i 2019 for Fv 569, under posten for forsterkning<sup>1</sup>: Det er sett av 4,3 mill kr på strekninga Dalseid – Eidslandet, og 5 mill kr til Mo – Otterstad bru i Modalen kommune.

Statens vegvesen ved Lars Øyre opplyser til HFK den 27.06.19 at dei ønskjer innspel til bruk av midlane. Når kontrakten er på plass rett over ferien, vil dei følgja opp lovnaden om å invitere til innspel.

Vi vonar at dette vil avhjelpa noko på situasjonen, men er fullt klar over at behova er langt større. Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune vil følgja opp «bekymringsmeldinga» hausten 2019.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen Region vest  
Vaksdal kommune

---

<sup>1</sup> Føremålet med forsterkningspotten er å ruste opp eksisterande vegnett som har forfalt over lengre tid, med sikte på halda fylkesvegane opne for trafikk.